

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Selskap: Helse Vest RHF  
 Dato skreven: 05.12.2005  
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og andre myndigheitskrav i perioden 10.11.05 - 04.12.05**

**Styresak 112/05 O**  
**Administrerande direktør si orientering pkt. 5**

**Styremøte 14.12. 2005**

## Oversikt over nye lovar og lovendingar i perioden 10.11.05 – 04.12.05

Lov	Dato for kunnjing	Kva lova/endinga gjeld
Arbeidsmiljø-loven	10.11.05	Torsdag 10.11.05 la Regjeringa Stoltenberg II fram forslag til endingar i arbeidsmiljølova, Ot.prp. nr. 24 (2005-2006). Endingane vil gjelde frå 01.01.06. I samsvar med regjeringserklæringa blei det fremma forslag om endingar i lova sine regler om midlertidig tilsetting, retten til å stå i stilling under ein oppseingstvist, overtid og gjennomsnittberekning av arbeidstida, lova sin føremålparagraf og i arbeidsmiljøføresegnene. Gjeldande rett blir ført vidare når det gjeld føresegnene om beredskap, passivt arbeid og heimevakt og den domstolsskapte valretten ved overdraging av verksemd. Regjeringa kjem attende med ein ny proposisjon i løpet av våren 2006 om regulering av varsling og yringsfridom i arbeidsforhold, og ein vil eventuelt vurdere om det er naudsynt med ytterlegare endingar i lova.

## Oversikt over nye forskrifter og forskriftsendingar i perioden 10.11.05 – 04.12.05

Forskrift	Dato for kunnjing	Kva forskrifta/endinga gjeld	Kommentarar/status
Det er ikkje gitt nye forskrifter eller gjort endingar i relevante forskrifter i perioden.			

**Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og Omsorgsdepartementet i perioden 10.11.05 – 04.12.05**

<b>Myndigheitskrav</b>	<b>Dato</b>	<b>Kva saka gjeld</b>
Oppfølging av bestillardokument 2005 – omlegging av inntektssystemet for private laboratorium og røntgeninstitut.	15.11.05	<p>I brevet blir det understreka at dei regionale helseføretaka ved etablering av avtaler med private laboratorium og røntgeninstitut, skal leggje dei same prinsippa om valfridom til grunn, som ved fritt sjukehusval. Det blir vidare peikt på at intensjonane bak prinsippa om valfridom, er at dette skal omfatte all den tenesteytinga som er omfatta av avtalene mellom regionale helseføretak og dei private leverandørane.</p> <p>Helse Vest har teke omsyn til dette i dei avtalene som er etablert.</p>
Prosjekt spesialisthelseteneste for eldre	30.11.05	<p>I brevet blir det gjort greie for at det vil bli sett i verk eit prosjekt for å styrke spesialisthelsetenesta for eldre, jf. regjeringserklæringa. RHFa vil saman med Sosial- og helsedirektoratet ha ein sentral rolle både i arbeidet med å utforme ein handlingsplan og i sjølve gjennomføringa av planen. RHFa sine oppgåver vil vere å utarbeide ein strategi for arbeidet på det regionale nivå, utforme tiltak, gjennomføre tiltaka og rapportering i årleg melding. Utkast til handlingsplan skal leggjast fram innan 01.05.06. Oppdraget vil bli nærare konkretisert i bestillardokument og tildelingsbrev.</p>